

Kort omtale av prosjekt som er tildelt såkornmidlar i 2017

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om Program for pasienttryggleik i Helse Vest.

Prosjektnamn
«Tverrfagleg pasientforløp for pasientar med diabetiske fotsår»
Prosjekteigar (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)
Helse Førde, Medisinsk Klinikk, Hudavdeling
Prosjektleiari (kontaktperson)
Prosjektleiari (kontaktperson nr 1): Øystein Vatne, overlege Hudavdelinga Kontaktperson nr 2: Trude Lindesteg, avdelingssjef Hudavdelinga.
Kva problem er det prosjektet skal forsøke å løyse?
<p>Pasientar med diabetes har ofte samansette problemstillingar som krev samarbeid mellom fleire spesialistar. Fokus på forebygging og behandling av fotkomplikasjonar er viktig for å unngå sår og amputasjonar.</p> <p>Helse Førde har sidan 2011 hatt diabetes fotteam. Teamet består av overlege frå Hudavdelinga, karkirurg, ortoped, ortopediingeniør, endokrinolog, diabetessjukepleiar, fotterapeut og sjukepleiar. I praksis fungerer teamet slik at lege, fotterapeut og sjukepleiar ved Hudavdelinga har pasientane til konsultasjon, og bestiller tilsyn frå dei andre i teamet etter behov.</p> <p>Avlastning er av avgjerande betydning for forebygging / tilheling av nevrologiske sår eller truande sår. Bruk av gipsortoser til avlastning er nyttig for mange av desse pasientane. Vi har per i dag ikkje tilstrekkeleg kompetanse på dette i Helse Førde.</p> <p>I samarbeid med Ortopedisk avdeling vil vi gjennom dette prosjektet mellom anna tilegne oss kunnskapar om utforming av ortoser til avlastning hjå pasientar med diabetes og sår og truande sår. Metode for å oppnå dette er Hospitering ved St Olavs hospital i Trondheim, der dei har lang erfaring med diabetes fotteam og dokumenterte resultat på systematisk arbeid med avlastning. Gjennom denne hospiteringa vil ein og hente inspirasjon til korleis ein kan vidareføre arbeidet med diabetes fotteamgruppa i vårt eige helseføretak.</p>
Mål for prosjektet
<ul style="list-style-type: none"> • Optimalisere tilbodet til pasientar med diabetessår; redusere tilhelingstid og tal amputasjonar. • Reduksjon i hospitalisering på grunn av diabetessår • Auke kompetansen på området • Tverrfagleg samarbeid og samarbeid på tvers av klinikkar og avdelingar • Betre livskvalitet for pasienten • Betre pasientopplevd kvalitet på tenestene • Styrke samhandling mellom helseføretaket og kommunehelsetenesta
Korleis skal du måle om endringa du skal gjennomføre i prosjektet er ei forbetring?
Konkrete tall på tilhelingstid, hospitalisering og amputasjonar. Bruk av QLI på opplevd kvalitet.

Planlagt bruk av resultat i eiga eining	
Tverrfagleg samarbeid inn i drift. Vidareutvikling av diabetes fotteam.	
Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen	
Ja.	
Oppstarttidspunkt	Sluttidspunkt
August 2017	Februar 2019